

Alver kommune
Byggesak

Eikangervåg, 16.11.2020

Supplerande opplysninger - gbnr. 236/20 – søknad om dispensasjon.

Me viser til dykkar brev av 04/11-2020 og kjem her med supplerande informasjon til det enkelte punkt:

1. Vår og tiltakshavar si vurdering er at vegen fram til eigedomen er å ansjå som veg til framtidig bustadtomt. I skyldskifte frå oktober 1963 er det frådelling av tomt til bustadformål som er behandla og godkjent, her er det kort sagt at parsellen skal ha vegrett. Vidare er det bekrefta i jordskifte som er dagbokført mars 1967 at vegretten skal behaldast slik den føreligg men i dette dokumentet er det sagt noko meir om plassering, bredde osv. Begge dokument det er referert til her ligg vedlagt dette brevet.

Me meiner med dette som utgangspunkt at ein ikkje skal sjå vegen som landbruksveg og det difor ikkje er naudsynt med dispensasjon.

Subsidiært søker ein om dispensasjon med grunngjeving som i hovudsøknaden. Det er dei same forhold som gjer seg gjeldande og vegen må naturlegvis sjåast under eit med eigedomen all den tid dei er heilt avhengig av kvarandre for at tiltaket skal la seg realisera.

2. 236/19 er ganske riktig ikkje varsla då det ikkje finst registrert adresse til eigar. Vi har avklart dette med byggesak på eit tidleg tidspunkt i saka (11/12-2019) og med bakgrunn i det har ein som nemnt ikkje varsla den aktuelle eigedomen. Under er eit utsnitt av svaret i vår kommunikasjon med byggesaksavdelinga:

Geodata avdelinga har sjekka i folkeregisteret (11.12.2019) og finn ikkje kontaktopplysningar på heimelshavar til eigedom gbnr. 236/19.

Det ligg unntak i forvaltningslova § 16, 3. ledd bokstav b) med omsyn til personar ein ikkje finn adresse til.



§ 16. (forhåndsvarsling).

Part¹ som ikke allerede ved søknad eller på annen måte har uttalt seg i saken, skal varsles før vedtak treffes og gis høve til å uttale seg innen en nærmere angitt frist.

² Dersom en mindreårig³ over 15 år er part i saken og blir representert av verge,⁴ skal dette også gjelde den mindreårige selv. Fristen løper fra den dag varslet er avsendt, når ikke annet uttrykkelig er sagt.

Forhåndsvarslet skal gjøre greie for hva saken gjelder og ellers inneholde det som anses påkrevd for at parten på forsvarlig måte kan vareta sitt tarv. I regelen gis forhåndsvarsel skriftlig. Er det særlig byrdefullt å gi skriftlig underretning, kan underretningen gis muntlig eller på annen måte.

Forhåndsvarsling kan unnlates dersom:


- a) slik varsling ikke er praktisk mulig eller vil medføre fare for at vedtaket ikke kan gjennomføres,⁵
- b) parten ikke har kjent adresse og ettersporing av ham vil kreve mer tid eller arbeid enn rimelig i forhold til partens interesser og til betydningen av varslet,
- c) vedkommende part allerede på annen måte har fått kjennskap til at vedtak skal treffes og har hatt rimelig foranledning og tid til å uttale seg, eller varsel av andre grunner må anses åpenbart unødvendig

Me legg til grunn at dette er svar på dykkar spørsmål og ser fram til snarleg svar.

Skulle det likevel vera behov for ytterlegare avklaringar er det velkommen til å ta kontakt på mail eller telefon for

Med vennleg helsing

Kålås Bygg AS



Lars A. Hagesæter

☎ : 45 20 18 19

